



*På denne staden finn du ei opa kyrkje med bøn middag og kveld. På denne staden finn du eit menneske som kan lytte til deg. Her hender det så lite at du kanskje kan vere tilstades i deg sjølv. Gud ventar på deg. Jesus sjølv seier til oss: «Bli med meg til ein avsides stad så vi kan vere stille.»*

## Opa kyrkje på Kinn.

NMS, pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva og Kinn sokneråd inviterer på ny! Ver vertskap ved Kinnakyrkja sommaren 2018! Gåva og oppgåva di er å vere i stilla og naturen, halde enkle tidebøner to gonger om dagen og å ta godt imot dei som kjem til kyrkja!

Det er no den fjerde sommaren vi har vertskap ved kyrkja og i fjor sommar såg vi ei lita uke i gjestar til kyrkja og øya. Liknande var det også ei lita auke i deltakarar på tidebønene. Men det vil framleis vere god plass og somme tider vil vertskapet vere åleine på tidebøn.

Vertskapet overnatter i kyrkjestova som ligg like ved Kinnakyrkja. Ver merksam på at toalett er over plassen i eit anna bygg. Her er innlagt vatn, ei kokeplate og eit kjøleskåp. Det er ei køyseng i eit lite soverom. Det er fasttelefon i kyrkjestova. Ved turlagshytta på Kinn er det mange sengeplasser og dusj. Næraste butikk ligg i Rognaldsvåg, så de må ha med det de treng til opphaldet. Det vil vere ein lokal kontaktperson i Florø som de kan ha kontakt med i samband med opphaldet. Dei fleste som er vertskap blir på øya 3 dagar og vertskapet avløyser kvarandre. Flora kommune er i gang med ei omfattande rehabilitering ved kyrkje og har sett av midlar i budsjettet til dette, men det er uklart når dei kjem i gang med arbeidet.

Det er gudsteneste på øya Søndag 8. juli og Søndag 29. juli. Periode vi tek sikte på å ha vertskap på øya vert Mandag 25. juni til Søndag 12. August. (7 veker)

Du må dekke utgiftene dine sjølv.

Påmelding til [knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no](mailto:knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no) eller på mobil: 91713275.

Meld di interesse så snart som råd. Første mann til mølla.